

LARS ESKELAND

HELSINGSKVEDE

TIL BONDESTEMNA
I STAVANGER 1935.



*Hr. bladstyran Agnar Skeidsoell,
med beste helsing fra*


Utgjeve av Norges Bondelag.

S. Botnens trykkeri - Stord.

Lars Eskeland

UNIVERSITETSBIBLIOTEKET I BERGEN
NORSK STRIDSARKIV

Box 9





Velkomne då, vener, frå sør og frå nord,
velkomne frå dal og frå flatbygd og fjord,
og de som bur innunder fjellet og snøen,
og de som driv fiske og ferdast på sjøen!
Som brør vil me landsheimen byggja,
som menn vil me framtidi tryggja.
Og hugsa då vener: Kvar mann og kvart viv
sitt stykke av saga vår skriv!

Hand i hand framfor Noreg, vår mor,
hylla me vil ein folkebror
langt ut i havet i vest. *)
For Noreg det er som elsker han mest.
So lyfter me fegne vår helsarhand:
Velkomen du bror ifrå Færøystrand!
Du er oss nærast,
du er oss kjærast.
Med svik vart me skilde ei ulukke-ykt.
Men vak og bed og stå traust og trygt

*) Den hæve og namngjetne færøyske folkeføraren Jóannes Patursson var komen til bondestemna, etter innbjuding, saman med 30-40 andre færøyingar, kvinnor og menn.

for retten du åtte og eig. Og ein gong
står du frimann jamsides Noreg, di mor, med sigersong.

Landsmenn! fagna frendane vel,
og helsa på gamalt: Heil og sæl!
Lat all vår godhug imot deim strøyma,
so aldri dei sidan det kjem til å gløyma!

Du veit vel litt frå sogeboki di
um Rogaland i gamal tid?
Då siglde dei tidt over havet ut
so mang ein hugdjerv Rogalandsgut.
Du las um Floke, som Island fann og nemnde,
og so um Eirik Raude, som til Grønland stemnde.
Gløymde me dei radt
no me freista vinna Grønland att?
Sume syntest både Floke og Eirik Raude
mätte reknast til dei daude.
Men segjast det skal at dei lever enn
meir enn mange me no kallar menn.

Ein mann me minnest som ein fager draum,
og sjølv namnet er ein ljuvleg tonestraum:
Erling Skjalgsson ifrå Sola,
ven og uven med St. Olav.
Ingen dyrka jordi so som han.
Og kvar træl som braut upp åker gjorde han til mann.

Dette stødt må stå ved lag.
 Sannast skal det like fullt i dag
 at ein liten mann som dyrkar jord
 veks so han vert stor.
 Hæv og hag
 Erling Skjalgsson står
 midt i Noregs vår
 som ein studnadsstolpe i vårt bondelag.

Forfallet kom, det var sorg og skam,
 og jærbuen putla og grov, men kom ikkje fram.
 Men so rådde ætti or!
 Og sjå over Jæren no kor det gror og gror!
 Det laver av gras og korn,
 det yrer av ungdom og friske born.

Men der ser eg Arne Garborg. Sorgtung han står.
 Og han kved og han bed um ein folkevår
 med hugnad i heim og gard
 og glade born kring mor og far.
 Og det som er framborg og vern
 for Noreg, er gamle Jadar, er unge Jæren.

Her ute ligg Havrsfjord.
 Havrsfjord!
 For eit stolt og fagert ord!
 Møt fram til herferd med Harald unge

og manna deg upp til striden tunge
 for heim og for ætt,
 for lov og for rett,
 for ein tusen års draum og ei viljande von
 um at nordmenn skal verta eit folk, ein nasjon.
 Og gløym ikkje gamle læra:
 Betre er det å døy med æra
 enn fuska seg fram
 og leva med skam.

Var det Gyda frå Hordaland
 eller Ragna frå Toten og Land
 som sette hugen til Harald i brand?
 Møyi var både frå aust og vest,
 og det er best.
 Fram på nyom frå dalar og øyar.
 stortenkte varmhjarta møyar,
 og set hugen hjå hæve gutar i brand
 for ein fullnorsk heim og eit samfelt land!

Du norske ungdom: Ver med i dag
 i eit nytt og dynjande Havrsfjordslag,
 og lat båten din duva
 jamsides draken til Harald Luva!
 Ro fram, ro fram
 til strid for hans store og stolte program!
 Driv deim på vonlaust flog, alle deim

som berre ser flokk og parti og gløymer
sitt land og sin fedraheim.

Um bord, um bord!

Harald ligg stridsbudd i Havrsfjord.

På nyom han strålar av tru og von:

Noreg skal verta eit folk, ein nasjon.

Alle klokkor i landet ringje og kime,

so alle kann gå

og alle forstå

det er ein historisk time!

Men brått fær striden vår ei endå større meining,
og målet vert ei endå høgre eining.

For soga syner oss ein mann som låg på kne og bad
og sidan døydde for sitt folk på Stiklestad.

Ho bed oss fylgja han og merket hans,
og då er Gud attåt, og løner oss med sigerskrans,

Og difor er det Olavsklokka Glad

som fyrst og sist må ringja no kvar stund og stad.

Dei tala ein gong um eit anker som var trygt i »fa-
rens stund«.

Kva hjelper vel eit anker utan ankergrunn?

Men Herren talar um å kjenna og å sjå

eit sanningsberg som me kann bu og byggja på.

So høyr då: Veit me nokò som er trygt og fast
for kvar av oss og folket vårt, um allting brast?

Bønder er me som bur. Og heimane våre,
kor hev me dei bygt?

Er dei i dag i fåre,
ell' står dei trygt?

Er dei på grunnfjell botna,
vigsla av Herrens hand,
eller må dei rivna og brotna,
fordi dei er tufta på sand?

Ein ovstorm rasar no med driv og fok
og vekkjer alle vonde vette. For det er Ragnarok.

Kva kann berga oss og verdi no?

Er det hat og hemn og Helvit^sglo,
eller er det rase, ætt og blod?

Eller vil du gå til Han som kom frå Faderen til oss
og døydde på ein kross?

Gjennom brot og brand
ser me klårt hans Frelsar^shand.

Det som no til løysing framfor oss er lagt,
er so tungt og vandt at det går over mannamakt.

På åren i vårt hjarta må Vårherre elda,
me må få kveiken vår frå Livsens kjelda.

Ja Han som skapte oss må krafti til oss føra,
og Han som kjærleik er må hjarto våre nøra.

Alle klokkor ringje og kime,
so alle kann gå
og alle forstå
det er ein historisk time.

Noreg, vårt eige land,
me bind oss til deg med heilage band.
Du er ein lut av vårt eige liv,
so ingen deg ut or vårt hjarta riv.

Eg såg deg, Noreg, fyrst som ei mor
med signingshender og signingsord.
So såg eg deg stå som ei ungdomsbrud.
Men no hev du klædt deg i syrgjeskrud.
Eg skynar deg vel,
for ingen er sæl.
I nord og sør
all verdi blør.

Ungdom, du gjæve, sælka di mor!
Gjev henne ditt handslag med sviklause ord!
Der du med heile saga vår møtest,
Noregs framtid røtest.

Bygg heimen vår ny
på gamal grunn,
so han smiler mot oss frå bygd og by
og lid og lund,
og lyser av norsk natur
og norsk kultur
so frisk og so rein
som i draum og i dikt han skein!

Ungdom! Høyrer du Heimdalls lur?
Tidi snur.
Det går upp eller ned,
til høgre liv eller dødsens fred.

Lyft landet or ulov og øyding!
Fri folket frå visning og døying!

Bonde! Noreg i hendene dine er lagt.
Få alle med deg og gå på vakt!
Stå vakt, stå vakt!

